

Protokoll frå regionstyremøte

Møte nr. 2/2017

Dato: 21.04.17

Parken Hotell, Ålesund

Til stades frå styret:

Nils-Gunnar Solli, Kari R. Klokseth, Caroline Bjørge, Knut Mikkelsen, Gry Sissel Sagen og Hilde Horpen.

Til stades frå administrasjonen:

Musikkonsulent Jørgen A. Brecke

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli.

Vedtaksaker:

23/ 2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

24/ 2017

Regionting 23. april 2017, gjennomføring

Vedtak:

Status for gjennomføring av regiontinget tas til orientering, med merknad om at funksjonen som redaksjonskomité vert lagt til under agendaen for konstituering.

25/ 2017

Regionting 23. april 2017, sakspapir

Vedtak:

Status for utsendte og godkjende sakspapir tas til orientering.

26/ 2017

Nordvestkonferansen 22. april 2017, gjennomføring

Vedtak:

Status for gjennomføring av Nordvestkonferansen tas til orientering, med merknad om at foredraget «Integrering» vert gjennomført av Katja Furnes som einaste innleiar.

27/ 2017

Orienteringssaker

27.1 Nytt frå regionkontoret

Musikkonsulent Jørgen A. Brecke orienterte om Dextra Musica-midlane som skal gå til utveksling av unge dirigentar.

27.2 Nytt frå NMF sentralt

Regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli orienterte om at forbundstyret har satt av ein pott på 2 million kroner til markeringar regionalt og lokalt i samband med 100-årsjubileet i 2018. Desse midlane er søknadsbasert. Nærare informasjon og retningsliner kjem frå generalsekretæren.

27.3 Nytt frå regionstyreleiaren

Styreleiaren orienterte om at Sparebank 1 SMN har satt av 1 million kroner i ekstra gåvemidlar som vert øyremerka korps og drill i 2017. Styreleiaren er invitert til å delta i prioritering av midlane for dei korps og drilltropper tilhøyrande region Nordvest som søker på midlane.

Styreleiaren informerte også om planar for eit mulig jubileumsarrangement i Åndalsnes hausten 2018. Eit eventuelt samarbeid mellom Åndalsnes Musikkforening og NMF Nordvest skal drøftast nærare.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen gitt i pkt. 27.1, 27.2 og 27.3 til orientering.

Ålesund, 21.04.17 / Molde, 13.06.17



Nils-Gunnar Solli
regionstyreleiar



Jørgen A. Brecke
musikkonsulent